


HANS Andersen
ORLEIN HAN
Nynorsk Bo Simola

DEN VESLE TUFTEKALLEN

OG

FÆRDI HANS





XXIV

DEN VESLE TUFTEKALLEN OG FERDI HANS

DIKT AV ANDERS HOVDEN
BILÆTE AV SVERRE KNUDSEN



BERGH & HØGH'S KUNSTFORLAG, A/S
[Kia 1913]



HØGT til fjells — aa hei, det er liv!
Køyringi gjeng gjenom snø og driv.
Pulken er lett, og den snøgge rein
flyg som ein vind paa dei lette bein.
Vesle Tuften er med paa fjerdi,
vil sjaa seg um i den vide verdi.

143425.



Fra Finmarken

ELVEBAATEN er vand aa styra,
finne-far hev nok si fulle hyra,
han stakar seg fram millom fosse-bròtom
og stødt liksom katten kjem ned paa føtom.
Bak i skuten du Tuftekall ser,
der sit han byrg som ein »Herre-Per«.



Elvefart i Finmarken

HAV og heim ligg i æveleg fred
under ei sol, som aldri gjeng ned.
Nordlandsbaatarne voggar i sunde,
maa fulla passa paa fiskemunde.
Sjaa, Tuftekallen han lyfter upp kleppen;
for fisken er diger — »berr' ikkje slepp'n!«




Midnatssol.

HEI, storm og hav! Min vesle baat
eg styrer millom brim og brøt
i gjenom skavl paa baarehaugen,
og like bak meg hyler draugen.
Ver vaken, gut, miss ikkje sansen,
for ellers fær du tarekransen!
Men Tuftekallen er fjaag og gild,
han tykkjer, det berre stend herlegt til.




Fra Nordland

RETT meg, karar, ei hjelpende hand
aa fli den fengdi, me fekk i land.
Umaken vil me rett ikkje spara,
at fisken kan verta beste vara.
Tuftekallen i millom oss gjeng;
med saltbutten hev han sin harde spreng.




Lofoten

ELGEN det er vel ein vaksen gut —
i skogarne reikar han inn og ut,
hans megtuge horn dei er soleis vorne,
som var dei skorne or Romsdalshorne,
det er eit drustelegt syn aa sjaa han,
men skyttar og hund dei lurer paa han.



Elgjagt i Romsdalen.

EITT av underverki i verdi
er Bergensbana paa høgfjellsferdi,
gjenom skavlar av snø i sin vetter-sal
ho pustar grøyvlande fram som ein kval;
fram ho fører so mang ein stormann,
eg er byrg av far min, han Ola Nordmann.
Men bak paa vogni hev Tuften seg sett,
han hev fulla ikkje løyst biljet.



Bergensbanen

PAA breden høgt yver dala-sveim
hev fotrappe reinen funne sin heim,
men fær ikkje nokonstad livd og fred;
for herren åat skapningi ligg paa lur
med rovdyrs gir bakom ufs og urd,
vyrdlaust han myrder og skyter ned.
Men der bakum knausen sit Tuftesveinen,
eg trur, han kjenner samhug med reinen.




Hardangervidden

UPP-MILLOM fjelli paa sætervang
stullar budeia sumaren lang.
Bjøllune ljomar um berg og svad;
det er so fagert ved soleglad,
daa maa ho blaasa paa luren sin
»— um laurdag han vitjar med guten min«.
I millom kyrne paa sætertune
Tuftekallen hev rett sin une.



Fra Hallingdal.

HØG er lidi i Hallingdal,
aakrelappen steinutt og smal,
den spræke guten maa ut ein sving,
men heimatt kjem han, um garden er mager;
for gjenta hans er baade frisk og fager,
paa fingeren ber ho hans rauder ring.
Sjaa Tuftekallen, den vesle solen,
hev bakpaa smett seg paa kariolen.




Hallingdal

I ulendt skog under kulde gråm
herdig dei køyrér stokkarne fram,
og mann og hest hev sin harde spreng,
ofte dei under i snøhaugen gjeng.
Den kloke hesten attende maa sjaa:
»Less ikkje, karar, for mykje paa«.
Tuftekallen er med forvitén,
men snøen er djup, og kallen er liten.




Fra Østerdalen.

STOKKARNE ligg der i krok og kross
under den durande, ville foss.
Kven torer vaaga seg utpaa med haken?
Der stend alt Knut — hev du set paa maken!
Han løyser velta, det gjeng i hast,
til lands han byks med eit hallingkast.



Numedalsfoss.

DET er so fagert i Gudbrandsdalen
ved sumartid,
og soli skin yver gilde gardar
i grøne lid.
Der under kollen paa vide vollen
dei tek inn høy.
Der friar guten i løde-bruten
til ljosleitt móy.




Fra Gudbrandsdalen.

I Telemarki er felesus,
i Telemarki er fossebrus.
I stride elvarne trivst han, laksen,
innunder fossarne der vert han vaksen.
Tuften klappar i sine smaa hender:
»Fiskar, laksen med täumen din renner!«



Laksefiske i Telemarken.

H^USET ligg paa knausen fritt,
yver havet ser du vidt.
Guten, fraa han er nevestor,
baskar i baat paa hav og fjord,
skip det sigler i himmelrand,
kveikjer i hugen utferds-brand.




Fra Sørlandet

STORMEN driv yver hav og fjord,
eimbaaten krev aa faa los umbord.
Med line um livet han hovudstup
kastar seg ut i det fròdande djup.
Han Vesle-Per sigler heimatt baaten,
han sit der so vak paa sjømanns-maaten.
Umskrevs paa sprøytet sit Tuftekallen,
er ikkje rædd for ein sjøskvett um skallen.




Fra Sørlandet

I Sætisdalen er hugsamt, du,
der er det leik og lendor.
I Sætisdalen eg gjerne vil bu,
der er slike væne gjentor,
og song og segner tevlar um kvelden
med sprakande gløder paa aare-elden.
Tuften gliser i døra-gløtt,
i gjenteøyra hviskar han søtt.




Fra Sætersdalen.

FRAA Akershus og til Ferder
buktar seg Oslofjord.
Blaanande fram millom granskog
han breider seg blank og stor.
Byar og fagre heimar
paa strenderne ligg i rad.
Vænt med lystbaat aa sviva
ein sundag i soleglad!
Som Svolå svingar i lufti blaa,
fer baaten fram yver sjøen daa.



Kristianiafjorden.

HAVET blenkjer i maaneskin,
me dreg vaar lekkja av drivgarn inn.
I baaredalar
det skvett og skvalar,
av fisk det spralar,
Tuftekall, laan oss no armen din!



Makrelfiske ved Hvaler

Rop fraa den, som paa kvelvet rid —
eg gløymer det aldri i all mi tid!
Eg styrer min baat gjenom vilde fraudi,
vil freiste aa hjelpa bror min i naudi.
Men finn eg so sjølv ein tarekrans —
eg trur paa min frelsar, paa kjærleiken hans!



Ved Lister.

